



Deloitte AS

Dato: 20.02.2014  
Vår ref.: 2014/10536-5  
Dykkar ref.:

## **Vedtak i sak PS 9/14 - Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring - Forslag til prosjektplan**

Vedlagt følger vedtak i sak PS 9/14 frå møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 17.2.14.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014**

### **Handsaming i møtet**

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosjektplanen vart vedteke slik den ligg føre.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.